



Gudbrandsdalsmusea

Årsrapport 2024

Gudbrandsdalsmusea AS

Innleiing

Gudbrandsdalsmusea er djupt forankra i kulturen og tradisjonane i Gudbrandsdalen – både den historiske og den levande, den materielle og den immaterielle. Gudbrandsdalsmusea forvaltar kulturarven gjennom dokumentasjon og registrering, formidling og forskning. Institusjonen fyller ein unik funksjon i samfunnslivet i dalen, og er ein viktig premissegjevar i det breie, offentlege rommet.

Gudbrandsdalsmusea er eit kulturelt samlingspunkt og ein møteplass for eit mangfaldig publikum. Rekruttering og engasjement blant fleire og nye grupper er viktig, og barn og unge er ei prioritert gruppe.

Gudbrandsdalsmusea er eit driftsselskap etablert ut frå ei felles målsetting om å vera regionmuseum for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen. Gudbrandsdalsmusea skal drive, drifte og utvikle museet som institusjon, og dei ulike avdelingane.

Gudbrandsdalsmusea er eit non-profit selskap. Eventuelt overskott skal først attende til selskapet.

Gudbrandsdalsmusea bidreg til ei miljøvenleg og berekraftig utvikling av museet gjennom konkrete mål og satsingar.

Verda – no

2024. Det er krig i Europa, dyrtid og ein vilter natur skapar nye, andre utfordringar. Totalitære regime er på frammarsj i land nær oss. Meir enn nokon gong bør vi lære av historia – for å forstå korleis vi best skal handle for framtida. Meir enn nokon gong skal musea vere ror og kompass når verdiar står på spel.

Arbeidsområda til norske museum er i stadig endring. Gjennom stortingsmeldingar og tildelingsbrev frå departementet er det i dag klare forventningar om å breidde ut formidlinga ved musea.

Stortingsmelding 23 (2020–2021) Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid, som kom i 2021, dreg opp fem generelle hovudmål for musea:

- Solid kunnskapsprodusent
- Relevant formidling
- Heilskapleg samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

I praksis betyr det at musea – i større grad – skal verke i samtida og for samfunnet, dei skal legge til rette for møte mellom menneske, vere aktuelle og relevante, legge til rette for mangfald, inkludering og involvering.

Musea skal famne vidt, både den nye kulturen og den gamle kulturen, det som er smalt og det som er breitt, verda og bygda, kritisk refleksjon, identitet og tilhøyr, samhald og eigenart, aktualitet og relevans, forskning og formidling, materiell og immateriell kulturarv, inkludering og involvering, innsamling og dokumentasjon.

I åra som kjem vil vi prioritere fire satsingar, eller stabbesteinar: Formidling, arkiv og samling, bygningsvern og friviljuge. Desse vil danne grunnmur og kjerne om det daglege og faglege arbeidet. Stabbesteinane vil og få ein sentral plass i det nye strategidokumentet som er under revidering.

Gudbrandsdalsmusea arbeidar etter høge etiske standardar slik vi kjenner dei gjennom museumsfelleskapen **ICOM – International Council of Museums**. Deira beskriving av museum og museumsarbeid blir forstått slik:

A museum is a not-for-profit, permanent institution in the service of society that researches, collects, conserves, interprets and exhibits tangible and intangible heritage. Open to the public, accessible and inclusive, museums foster diversity and sustainability. They operate and communicate ethically, professionally and with the participation of communities, offering varied experiences for education, enjoyment, reflection and knowledge sharing. (ICOM // 2022)

I 2007 ratifiserte Noreg konvensjonen om den immaterielle kulturarven. Den forpliktar oss til å føre ein politikk som sikrar kulturarven for ettertida. Kursprogrammet i Gudbrandsdalsmusea er eit konkret svar på dei nasjonale måla, og eit konkret tiltak i arbeidet med å sikre kulturarven endå meir.

Besøk

2021:	67 748
2022:	68 934
2023:	73 045
2024:	57 576

Gudbrandsdalsmusea har generelt stor aktivitet. Det skjer mykje – både arbeid ut mot eit betalande publikum og friviljuge.

Museet er under omstilling. I 2025 skal vi jobbe systematisk for å kvalitetssikre alle registreringar av besøkande. Noverande system er ikkje godt nok.

Fleire av utstillingane i Gudbrandsdalsmusea er gamle og er stengt for publikum, eller vi har planar om å oppgradere dei i året som kjem. Besøkstal til Bergverksutstillinga på Sel bibliotek er difor ikkje med i utrekningane. Heller ikkje besøkande til den tidlegare stavkyrkjeutstillinga i Lom. Denne er for tida stengt.



Sør-Fron kyrkje.
Foto: Knut Aastad Bråten

SOME

Facebook-følgjarar	2022	2023	2024
Gudbrandsdalsmusea	3 449	3 847	4 736
Pilegrimssenter DG	429	531	629
Lesja Bygdemuseum	1 355	1 531	1 899
Vågå Bygdemuseum	768	905	1 157
Lom Bygdemuseum	719	802	835
Norsk fjellsenter	3810	4 302	4 461
Samla antal følgjarar	10 530	11 925	13 715

Instagram-følgjarar	2022	2023	2024
Gudbrandsdalsmusea	1 058	1 200	1 376
Lesja Bygdemuseum		608	
Lom Bygdemuseum		158	
Norsk fjellsenter		2 320	2 469
Pilegrimssenter			171

Økonomi

Resultatet for 2024 viser eit negativt driftsresultat på kroner 709 132. Fleire kostnader i 2024 knyter seg til kostnader for 2022 og 2023, totalt kroner 325 957. Det gjeld i hovudsak utgifter til straum på Lesja, styrehonorar og marknadsføring. Dette har ført til at museet har drage på seg eit dårlegare resultat enn venta.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand på Hundorp, er eit avtalefesta oppdrag som Gudbrandsdalsmusea har i si portefølje. Tilskott til drifta av Pilegrimssenter Dale-Gudbrand blir tildelt av Nidaros Domkirkes Restaureringsobjekter, etter søknad.

Gudbrandsdalsmusea er det minste konsoliderte museet i Innlandet. Tilskott frå staten i 2024 var 5 545 000 kroner. Museet har ikkje hatt auke i driftstilskottet frå Kulturdepartementet sidan 2015, og har såleis ikkje fått kompensasjon for den generelle løns- og prisveksten i landet.

Den økonomiske utviklinga rammar museet si evne til å løyse samfunnsoppdraget slik dette er utforma i Museumsmeldinga. Ved naturleg avgang har ein måtte omprioritere ressursane til forsterka innsats på andre og meir kostnadskrevjande driftsområde, dette for å møte eit nytt kostnadsbilete (straum og pensjon) og forventningar knytt til digital formidling, digitalisering og profesjonisert samlingsforvaltning.

Nær 70 % av inntektene i museet er offentlege tilskott. Sidan desse blir utbetalt på forskott og halvårleg, har det ikkje vore utfordringar med tanke på betalingsevne og likviditet.

Tilskott frå kommunane og Innlandet fylkeskommune har vore meir og mindre uendra i fleire år og held ikkje tritt med den generelle pris- og lønsveksten.

Gudbrandsdalsmusea forvaltar tilskott og tildelingar i tråd med retningslinene. Arbeidet med planer og budsjett er forankra i leiinga med jamleg rapportering av resultat og balanse i styret.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til driftskostnader og eigeninntekter

Det har vore ei auke i driftskostnadane frå 2023 til 2024, totalt 1 167 595 kroner. Auken skuldast særleg arbeid med fleire formidlingstiltak, honorar, reise og straum. Det er og brukt vesentleg fleire midlar til marknadsføring, mellom anna til oppbygging av ny nettside, som er kostnadskrevjande. Prosjektkostnadane har òg auka, men desse står i samanheng med prosjekttilskotta.

Museet har fleire prosjektmidlar i 2024 enn året før. Dette er middel som er brukt over fleire år, og som kjem til inntekt i 2024. Større prosjektinntekter går i hovudsak til arbeid med nye utstillingar og formidlingstiltak.

Utleigeinntektene har gått opp. Det same har sal av tenester til institusjonar og einskildpersonar innan bygningsvern og undervising. I 2024 har vi nokre inntekter på kursverksemd. Det er eit mål å auke desse inntektene i åra som kjem.

Gudbrandsdalsmusea sel tenester til kommunar, institusjonar og andre innan bygningsvern og undervising. Bygningsvernrådgevinga fakturerer for ekstra rådgjeving til private huseigarar. I tillegg leiger museet ut

kompetanse til undervising av studentar på Ole Bull Akademiet på Voss. Billettsalet har derimot gått ned. År med nedstenging pregar og plagar framleis kulturlivet, men vi har von om betre tider i inneverande år.

Gudbrandsdalsmusea har fleire pågåande prosjekt og har såleis inntekter gjennom støtteordningar, som til dømes Kulturdirektoratet, Sparebankstiftelsen, Fritt Ord, fylkeskommunen, kommunar og andre. Gudbrandsdalsmusea fører særlege prosjektinntekter i balansen. Midlane finansierer prosjekta gjennom eit eller fleire år. I skrivande stund har vi ambisjonar om å løfte arbeidet med prosjekt i både 2025 og 2026, og har fleire større søknadar inne – åleine og i samarbeid med andre museum og institusjonar.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

Det har vore auke i løn og pensjon i 2024. Museet skal i 2025 styrke arbeidet med lønspolitikken i organisasjonen, kombinert med ein god seniorpolitikk. Skal museet vere konkurransedyktige i framtida, er det eit mål tilby høgare løn til nyttilsette. Fleire tilsette er pensjonistar. I løpet av dei neste åra blir det fleire utskiftingar i arbeidstokken, som igjen vil utfordre lønsnivået og lønsutgiftene. Lønsnivået i Gudbrandsdalsmusea er lågt samanlikna med andre museum i Innlandet.

Vurdering av den økonomiske situasjonen med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Selskapet har god eigenkapital men på grunn av negativt resultat i 2024 er denne redusert. Den opptente eigenkapitalen utgjer ved årsskiftet kroner 1 437 666. Det er 27,9 % av sum eigenkapital og gjeld. Den frie eigenkapitalen er på eit akseptabelt nivå og det er inga plan om vesentleg auke.



Gudbrandsdalsseminaret i 2025. Fullsett sal på Otta.
Foto: Sigurd Rønningen.

Selskapet har fleire prosjektmiddel med støtte frå eksterne støttegjevarar. Det er viktig å budsjettere prosjekta slik at innsatsen i museet blir teken med i rekneskapen.

Gudbrandsdalsmusea er avhengig av føreseielege rammer. Det statlege tilskottet følgjer den generelle løns- og prisveksten. Det fylkeskommunale tilskottet har vore meir og mindre på same nivå i fleire år. Museet har ikkje fått auka driftsstøtta sidan 2015, og er i framtida avhengig av eit løft for å sikre god fagleg og profesjonell utvikling. Handlingsrommet til museumsfagleg utvikling er med andre ord trang, og ein er avhengig av prosjektmidlar for å kunne drive ulike satsingar.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Gudbrandsdalsmusea har i 2025 utarbeidd nytt og betre budsjettoppsett og rapporteringsrutinar som styringsverktøy.

Effektivisering av ressursbruken blir vurdert jamleg. Museet har gjort nødvendig investering med ny nettside i 2024. I 2025 tek vi eit kvileskjær, men museet er i dialog om overgang til KulturIT som hovudleverandør av IT-system frå og med 1. januar 2026.

Det har ikkje vore særleg vekst i det kommunale og fylkeskommunale tilskottet. Derfor er også prosjekttilskotta av stor betydning fordi dei kan bidra til å realisere viktige museumsfaglege mål for museet.

Samarbeid

Vi kan skape mykje åleine, men vi har mykje å hente gjennom samarbeid og tette relasjonar med andre institusjonar, gruppe og miljø.

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med dei ni eigarkommunane i Gudbrandsdalen. I 2024 har museet etablert årlege møte med politisk og administrativ leiing i kommunane, og med kommunestyra.

Gudbrandsdalsmusea har tett dialog med Innlandet fylkeskommune, med større og mindre satsingar. Like eins deltek museet aktivt i nasjonale forum, til dømes Norges Museumsforbund, i Museumsforum Innlandet, Nasjonalparkforvaltinga og andre fellesskap.

Gudbrandsdalsmusea skal vere ein aktiv og aktuell samfunnsaktør. Difor tek museet del i fleire lokale, regionale og nasjonale samfunnsprosjekt.

«Eit skigardsdele» er eit treårig prosjekt som handlar om forvaltinga av naturen – og kva som skjer med kulturen når presset på naturen aukar. Prosjektet blir avslutta i 2025. Det er Valdresmusea som driv prosjektet, saman med Gudbrandsdalsmusea og tre andre museum.

Prosjektet «Ung i debatten» har drive på i fleire år. I 2025 legg vi opp til samtale om ytringskultur, tilrettelegging av debattar og kronikkskriving. Prosjektet blir drive av Valdresmusea, saman med Gudbrandsdalsmusea og Randsfjordmuseet. I skrivande stund har vi rekruttert Ida Amble Ruge som prosjektleiar for Ung i debatten i Gudbrandsdalen.

«Carving out a space» er eit nytt nettverk blant norske museum. I nettverket skal vi utforske nye måtar å formidle kunnskap på – på tvers av formidlingsformer, disiplinær og sektorar. «Carving out a space» er eit prosjekt under leiing av Randsfjordmuseet saman med fleire andre institusjonar.

Gudbrandsdalsmusea har sidan 2017 drive prosjektet Villreinarven, eit verdiskapingsprosjekt finansiert av Miljødirektoratet. Prosjektet blir drive av Nordveggen.

Det årlege Gudbrandsdalsseminaret er den viktigaste møtestaden for lokalhistorisk interesserte i Gudbrandsdalen gjennom året. Seminaret vart etablert i 2009 i eit samarbeid mellom Opplandsarkivet avdeling Maihaugen, Oppland fylkeskommune, Gudbrandsdalsmusea og Gudbrandsdal historielag. Gudbrandsdalsseminaret er eit av dei samlande arrangementa som set fokus på Gudbrandsdalen. Målet med seminaret er å skape ein møteplass med gode foredrag for ulike lokalhistorisk interesserte, akademikarar og andre og presentere nyare forskning og historiegransking.

Gudbrandsdalsmusea skal i 2026 halde fram samarbeidet og samordninga med kommunane, regionen, fylkeskommunen og andre sektorar. Vi vil auke innsatsen og bidraget i det nasjonale museumsnettverket i Norges Museumsforbund, i Museumsforum Innlandet og andre museumsfellesskap.

Gudbrandsdalsmusea har eit konsolidert samarbeid med Norsk fjellsenter i Lom. Vi vil i åra framover styrke samarbeidet med senteret, både når det kjem til formidling og samordning av oppgåver.

Norsk fjellsenter er besøksenter for nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen. Fjellsenteret er ein del av Stiftinga Norsk Fjellmuseum, og er også forvaltningsknutepunkt. Fjellmuseet skal syne menneske sin bruk av fjellet i førhistorisk tid med brennarknologiske funn frå nasjonalparkane kring oss. På fjellsenteret skal fjellmuseet og dei andre aktørane på huset samhandle under ein felles overbygning: Kompetanse og arbeidsoppgåver knytt til folk og fjell.

Skal arbeide for å verne kultur og naturverdiar i fjellområda gjennom innsamling, dokumentasjon, forskning, formidling og informasjon. Fjellmuseet har eigne samlingar og er delkonsolidert med Gudbrandsdalsmusea.

Våren 2024 gav Sparebankstiftelsen DNB 20 millionar til prosjekt Fjellviten. Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 skal saman med fleire leiande forskingsinstitusjonar utvikle «verdast viktigaste klasserom» med høgfjellet som kunnskapsarena.

Hovudmålet for prosjekt Fjellviten er å formidle og overføre kunnskap om klima og natur i endring i høgfjellet gjennom digitalisering av klimaovervaking og ny formidlingsteknologi. Hovudmålgruppe er unge og unge vaksne.

Karin Kolterud var lærar på lokkeseminaret 2024.
Foto: Knut Aastad Bråten



Gudbrandsdalsmusea deltek i følgjande nettverk:

- Museumsforum Innlandet
- Bergverksnett
- Innlandsarkivet
- Nettverk for folkemusikkarkiv
- Krigshistoriske museum
- ICOM
- Det nasjonale pilegrimsforumet
- Green pilgrimage
- Organisasjonen «St Olav ways» – Europeiske kulturveier
- «ACSOW – Association for the cultural route of St Olav ways»
- «Pilegrimsfellesskapet St Olav»
- Visit Lillehammer
- RADA
- Midt-Gudbrandsdal Næringsforening
- Nettverk for bygningsvernrådsgjevarar i Oppland
- Bygningsvernnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Virke sitt nettverk for museumsdirektørar

- Fylkesarkivet
- Nasjonalbiblioteket
- Lokale historielag
- Arkeologisk forum i Lesja og Dovre
- Dovre og Lesja krigsminnesamling
- Medlem i Kvam historiske
- Veneforeiningar
- Stiftelsen Ringebu prestegard
- Nasjonalt kulturlandskapsnettverk
- SNO
- Fjellstyret
- Villreinsenteret
- Nasjonalparkforvaltarar
- Gudbrandsdalsmat AS
- Organisasjonen Norsk kulturarv
- Senter for bygdekultur og handverksskulen ved Hjerleid
- Gudbrandsdal historielag

Friviljuge

Gode møteplassar er sentralt i alt arbeidet i Gudbrandsdalsmusea – om det skjer i friluftsavdelingane, i arkiva eller i eit ope arrangement andre stader. Og sjølv om vi er eit lite museum, er bakgården av friviljuge enorm og ein viktig del av infrastrukturen i museet.

Friviljug innsats er kulturlivet sitt DNA. Dugnadsinnsatsen er avgjerande for gjennomføringa av kulturaktivitetar av alle slag.

I over 40 år har museet med hjelp av mange friviljuge vore ein viktig arena for formidling av lokal handverks- og tradisjonskultur. I dei småe stovene syner dei fram tradisjonskunnskap av alle slag. I arkiva hjelper dei til med registrering og digitalisering av foto og andre dokument. Aldersspennet er stort og inkluderer unge og eldre frå 15 til 100 år.

Friviljuge frå husflidslag og bygdekvinnelag er vesentlege bidragsytarar til den samla kompetansen i eit museum. Dugnadstimane er avgjerande for i det heile å skape og gjennomføre kulturarrangement og andre tiltak. Slik er museet og dei friviljuge med på å sikre kulturarven for framtida.

Bakgrunnen for deltakinga i friviljug arbeid varierer. Dugnadsarbeid er gleder av å hjelpe andre – slik det òg er med på å utvikle ein sjølv og gjev nyttig erfaring og kompetanse på vegen vidare i livet. Det ligg mykje danning og sjølvutvikling i dugnadsarbeid, når ein får anledning til å hjelpe andre utan krav om motytingar av noko slag. Nyten av dugnadsarbeidet går difor både vegar – som friviljug yter du ein innsats som gjev deg sjølv mykje attende.



Bjølle lånt til utstilling om kyr.
Hans Gubhage frå Skjåk.
Foto: Knut Aastad Bråten

Arkiv- og samlingar

Historiske kjelder er spennande materiale. Kjeldene er som titteskåp inn i fortida. Ei kyrkjebok eller ei ættesoge – båe er viktige bidrag til forteljinga om Noreg – og deg.

Gudbrandsdalsmusea fører ein restriktiv og konservativ inntakspolitikk. Magasintilhøva er akseptable – både når det gjeld klima og sikring, men kapasiteten gjev ikkje rom for innsamling i særleg grad.

Hovudmagasinet ligg i Vågå, mindre magasin har vi i Lom, i Sel, på Lesja og på Ringebru. Potensialet for betre oppbevaring og sikring av større gjenstandar, er stor, og sikringa av desse blir vurdert løpande.

Museet har i 2024 blitt med i eit regionalt utgreiingsarbeid om ny, felles magasinløyising for fleire av musea i Innlandet. Museet kan skape mykje åleine, men større investeringar må skje i samarbeid med andre.

Gudbrandsdalsmusea har per i dag ikkje eigen magasin- og samlingsansvarleg, men arbeidar for å få denne på plass. I fråværet av eigen ansvarleg har museet eit samarbeid med Lillehammer Museum Maihaugen om heilskapleg samlingsutvikling.



Frå magasinet på Lesja.
I bakgrunnen – Inger Synnøve Killi.
Foto: Knut Aastad Bråten.

Forventingar til trygg lagring av data er ei prioritert oppgåve. Vi ynskjer eit framtidig samarbeid med KulturIT som fast leverandør – både med omsyn til katalogregistrering og digital sikring. Overgangen til Kultur-IT skjer i 2026.

Gudbrandsdalsmusea fører ein konservativ inntakspolitikk. For arkiv, bilete, lyd og video har vi ein open inntaktspraksis. Det har i 2024 vore ein overordna ambisjon å få registrert og katalogisert mengda av historiske foto. Det er gledeleg å sjå at dette arbeidet har gitt positivt resultat.

Publiseringsarbeidet har fått eit løft i 2024. Ein del materiale er klausulert slik at originalmateriale ikkje kan leggest på nett. Vi søker då å legge ut innhaldslistar over kva som finst i arkiva, slik at publikum kan oppsøkje desse. Digitaliserte foto og gjenstandar blir publisert i arkivportalen og på Digitalt museum.

Ved alle samlingsavdelingar er det kontinuerleg arbeid med gjennomgang, sikring og ivaretaking av samlingane. Arkiv- og samlingsmedarbeidarane koordinerer arbeidet gjennom fleire møtepunkt både digitalt og fysiske møte.

Tilgangen på privatarkiv er god, og privatarkiv er av vesentleg verdi for lokalhistoria. Gudbrandsdalsmusea har eit særleg tett samarbeid med einskilde historielag om digitalisering av innsamla foto, registrering og tilgjengeleggjering.

Gudbrandsdalsmusea har fleire avdelingar rundt om i Gudbrandsdalen med nær 50 eldre bygningar frå 1700- og 1800-talet. Den eldre

bygdehistoria er godt dokumentert. Det har vore jamt vedlikehald i fleire år, slik at den generelle tilstanden er tilfredsstillande. Museet har tilsett eigen bygningsrådgjevar, som har oppsyn med dei kulturhistoriske bygga som museet forvaltar.

Etterslepet med bygningsarven i norske museum er stort – også i Gudbrandsdalsmusea. Eit varmare og våtare klima utfordrar bygningskulturen. Gudbrandsdalsmusea følgjer nøye med på status, og prioriterer tiltak i lag med eigarane på kvar lokasjon. Vi er ikkje i mål med istandsetting av tre stabbur på Lom bygdemuseum, og manglar noko finansiering.

I 2024 la vi grunnsteinen for arbeidet med ny strategi. Arbeidet blir ferdigstilt no i 2025. Seinare går vi i gang med revidering av sikringsplanen, som vil vere eit godt og oppdatert planverk å forhalde seg til i åra framover. Gjeldande sikringsplan gjekk ut i 2022.

Samlingsobjekt – totalantal	2022	2023	2024
Papirarkiv hyllemeter	773	793	815
Papirarkiv antal	1 556	1 612	1 657
Film og video antal arkiv	712	725	740
Lydarkiv antal	4738	4759	4761
Kulturhistoriske bygningar	48	48	48
Historiske foto	256 402	280 572	361 613
Dokumentasjonsfoto	44 022	4 5314	45 784
Kulturhistoriske gjenstandar	1 3201	13 643	14 279

Samlingsobjekt – ordna og registrert	2022	2023	2024
Papirarkiv hyllemeter	528	554	632
Papirarkiv antal	1 382	1 468	1 557
Film og video antal arkiv	530	538	541
Lydarkiv antal	4 422	4 432	4 434
Historiske foto	75 799	109 659	131 874
Dokumentasjonsfoto	9 079	9 079	9 549
Kulturhistoriske gjenstandar	1 1681	12 116	1 2751

Samlingsobjekt – tilgjengeleg digitalt for publikum	2022	2023	2024
Papirarkiv tilgjengeleg i arkivportalen	1 017	1 112	1 216
Film og video – kutt med info tilgjengeleg i arkivportalen	63	70	73
Lyd – samlingar med info tilgjengeleg i arkivportalen	4	11	13
Foto – publisert på Digitalt museum	12 037	20 114	39 140
Kulturhistoriske gjenstandar på digitalt museum	8 344	8 929	9 699



Bygningsvernrådsgjevar Håvard Syse (til venstre) og John Ola Selsjord på befaring.
Foto: Knut Aastad Bråten.



Frå eit foredrag på Ringebu.
Tom Willy Rustad fortel.
Foto: Knut Aastad Bråten.

Formidling

Gudbrandsdalsmusea har i 2024 arbeidd kritisk med både kulturhistoriske og dagsaktuelle problemstillingar, vi har løfte fram nye og underkommuniserte sider ved kulturen og gjeve dei plass.

I 2024 fekk økonomisk støtte frå Fritt Ord til gjennomføring av fleire arrangement. Den kulturelle infrastrukturen er svak i utkantane, ikkje minst i Gudbrandsdalen. I dag er det ingen særlege offentlege møteplassar for debatt og meningsutveksling. Sjeldan og aldri blir det arrangert offentlege møter der ein kan diskutere aktuelle spørsmål. Pengane til seminarrekka kom i 2024, men blir gjennomført i 2025.

Mangfald og inkludering er viktig i alt arbeid med kultur. Mange kjenner på utanforskap, blir ikkje sett, eller vi gløymer å involvere dei i miljøa våre. For dei med funksjonsutfordringar kan det vere ekstra belastande å vekse opp i skuggen av solskinshistoriene.

I 2024 fekk museet økonomisk støtte frå Fritt Ord til gjennomføring av ei vandreutstilling om Otto Ekren. Otto vart sterkt råka av polio i seksårsalderen. Føtene var nærmast lamme, og Otto sleit med å kome seg fram. Det sette likevel ikkje hindringar i vegen for eit aktivt og meningsfullt liv. Det var ikkje sjølvsaugt for alle. Utstillinga blir lansert i 2025.

I 2024 har vi også produsert ein kortfilm om korn og kornmangel. Med filmen ynskjer vi å formidle korn i eit lokalhistorisk perspektiv og under ein større himmel: Kva skjer når det blir mangel på korn i verda og kamp om matressursane? Kva er matsikkerheit i ei tid der verdas kornkammer står i brann?

Gudbrandsdalsmusea lanserte hausten 2024 ei kurspakke i lokale mat- og handverkstradisjonar.

Målet med kursrekka er å skape engasjement blant nye grupper, senke terskelen for deltaking og sikre kunnskapen om lokale tradisjonar – som immateriell kulturarv og som del av ein kvardag.

I den nye utstillinga Gardslykke på Lesja bygdemuseum blir vi nærmare kjende med kua som ressurs og menneskeven. Landbruket og ikkje minst mjølkeproduksjonen står framleis sterkt i Gudbrandsdalen. Difor er landbruket og kua viktige i formidlinga – både som fenomen og som kulturelt uttrykk. Utstillinga er produsert av Gudbrandsdalsmusea i samarbeid med forfattar Siri Helle.

«LIN. Frå frø til tråd» var hovudsatsinga til museet i 2024. Med utstillinga ønska museet å formidle linet si fascinerande historie frå utryddingstrua tekstil til det grønne skiftet. Utstillinga vart svært godt motteken, og skal opp att i ny drakt – LIN 2.0 – i 2025. Museet har auka arbeidet med større og mindre seminar. I 2024 gjennomførte vi Gudbrandsdalsseminaret saman med

Stiftelsen Lillehammer museum avdeling Maihaugen og Gudbrandsdal historielag Dølaringen. 6. april 2024 drog museet i gang dagseminaret «Arkitektur, vern og bruk» på Dombås på Dovre. Bakgrunnen for seminaret var todelt: auka merksemd om bygningsarv generelt, men og om den gamle distriktslegebustaden Breidablikk på Dombås spesielt.

I september i 2024 var Gudbrandsdalsmusea vert for Nasjonalt lokkeseminar. Seminaret vart til med økonomisk støtte frå Norsk Seterkultur, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Sparebank 1 Lom og Skjåk. 25 deltakarar frå heile Austlandet var med på seminaret, noko vi er veldig fornøgde med. Seminaret var ei blanding av kåseri, samtale og utprøving. Fleire av bidragsytarane hadde praktisk erfaring frå lokken og seterlivet. Dei fortalde om fridomen på fjellet, om kontakten med dyra – og om krafta i lokken.

I tillegg til dette har vi gjennomført eit uttal kveldsseto – kveldsarrangement – saman med historielaga rundt om i regionen. Dette er svært populært. Museet har og arrangert fleire konsertar, særleg i Jutulheimen i Vågå, som eignar seg godt til akustiske framsyningar.

Årets utstilling: Lin. Frå frø til tråd.
Foto: Gudbrandsdalsmusea.



Strategiar for dei neste åra

Gudbrandsdalsmusea er eit museum i omstilling. Noverande hovudstrategi går ut i 2025 og vi har så smått byrja førebuingane til arbeidet med ny plan.

Strategien skal angi hovudretning for dei neste seks åra, og kva vi gjer for å kome dit. I dokumentet vil vi teikne eit riss av verksemda, verdigrunnlag og kva som opptek oss no, visjonar for framtida, faglege og økonomiske utfordringar og korleis vi skal nå dei måla vi set oss. Mellom anna skal Gudbrandsdalsmusea:

- verke i samtida og for samfunnet
- vere aktuell og relevant
- forvalte minne, historie og forteljingane om samfunnet
- legge til rette for møte mellom menneske
- vere ror og kompass når verdier står på spel
- arbeide med den materielle og immaterielle kulturen gjennom innsamling og dokumentasjon, forskning og formidling
- fremje kunnskap, utvikling og kritisk refleksjon
- legge til rette for mangfald, inkludering og involvering

Ut av ein overordna strategi skal vi revidere både sikringsplan og samlingsplan. Forsking har ikkje vore ei prioritert oppgåve i museet, men med auka ressursar vil dette og bli ivareteke i eit revidert planverk.

Sjølv om arbeidet med ny strategi ikkje har byrja enno, peikar vi ut fire hovudsatsingar. Desse er

- formidling
- arkiv og samling
- bygningsvern
- friviljugheit

Formidling

Gudbrandsdalsmusea skal jobbe langsiktig og målretta med formidlingsoppgåver i vidaste forstand. Arbeidet med formidling omfattar alt arbeid med utstillingar, arrangement, kurs, seminar, publisering, skuleformidling og kommunikasjon. I 2024 har museet etablert ein seksjon for formidling, i tillegg til ein tiltaksplan for det komande året. Planen er eit levande dokument, og blir revidert jamleg.

Arkiv og samling


Per i dag manglar vi arkiv- og samlingsansvarleg med ansvar for det daglege samlingsarbeidet. Museet har ambisjonar om å få arkiv- og samlingsansvarleg på plass i 2025. I 2025 set vi gang arbeidet med ny samlingplan og sikringsplan. Museet har blitt med eit regionalt utgreiingsarbeid om ny, felles magasinløysing for fleire museum i Innlandet, som omtala i punktet Trygg ivaretaking: Lagring for framtida. Arbeidet startar i 2025, og held fram i 2026.

Bygningsvern

Gudbrandsdalsmusea har ei samling på nær 50 antikvariske hus. Etterslepet på bygningsmassen i museet er stort. Skal musea verke godt for arbeidet med det totale kulturminnevernet, må musea vere gode utstillingsvindauge og laboratorium for studie og læring. Gudbrandsdalsmusea skal dei neste åra arbeide for å styrke seksjonen for bygningsvern, mellom anna gjennom auka stillingsressursar.

Friviljuge

Å arbeide i ein mikroorganisasjon gjer at du kjem tett på lokalsamfunnet ditt. Mange har eit stort eigarskap til museet og til det som må gjerast. Det finst kvardagsmiljø rundt dei fleste musea, friviljuge med stor omsorg for sitt museum, kulturinteresserte som har funne meining og stor glede av å bidra i ein fellesskap. Dei friviljuge representerer ein viktig ressurs for museet – og for samfunnet. Dei må vi ta vare på.



Frå befaring på Marstein i Lom.
Foto: Knut Aastad Bråten.

Utfordringar

Styrke forskingskompetansen

Folkemusikkarkivet står for ei omfattande samling. Til saman har folkemusikkarkiva over 30 000 lydskutt, video, notar, song og dans frå Gudbrandsdalen. Mykje av dette er sjeldne opptak som strekker seg frå heilt attende til tidleg på 1900-talet og fram til i dag.

Folkemusikkarkiva er viktige kjelder for utøvarar i dag som ynskjer å fordjupe seg i eigen tradisjon og finne nytt repertoar. Samstundes manglar vi ressursar til å arbeide systematisk med kjeldene.

Det er ei klar forventning om at musea har planar og ressursar til arbeidet med forskning. Tiltaket har forankring i Museumsmeldinga: «Solid kunnskapsproduksjon er ein viktig føresetnad for utvikling av relevante formidlingsstilbod. Det er eit mål å styrkje forskings- og formidlingskompetansen i musea». (Musea i samfunnet, s. 45). Arbeidet med forskning er ei lite prioritert oppgåve i museet. Dei økonomiske utfordringane gjer at vi ikkje har økonomisk spelerom til å arbeide fullgodt med alle oppgåver.

Bygningsvern

Gudbrandsdalsmusea har ei samling på nær 50 antikvariske hus. Tre bygningar er freda, der Storstabburet i Lom frå 1613 står på opphavleg plass. Bygningane er samla frå gardar og bygder som soknar til avdelingane.

Etterslepet på bygningsmassen i Gudbrandsdalsmusea er stort. Det er registrert lekkasje på fleire bygningar, nokre av dei sig i bakken, botnstokkar skulle vore skifta ut for fleire år sidan. For fleire av husa er situasjonen prekær, og det er behov for strakstiltak.

Gudbrandsdalsmusea har ingen tilsette handverkarar i museet. Det meste av vedlikehaldet av bygningsmassen blir til på dugnad, men fleire av oppgåvene er store og krevjande og vi kan ikkje lenger belage oss på frivillige. Arbeidet med antikvariske bygningar krev bygningsteknisk og kulturhistorisk kompetanse. Ei anna uføreseieleg utfordring er klimaendringane som er med å auke vedlikehaldsbehovet ytterlegare.

Skal musea verke godt for arbeidet med det totale kulturminnevernet, må musea vere gode utstillingsvindauger og laboratorium for studie og læring. I dag er ikkje bygningsparken i musea det i tilstrekkeleg grad.

Kulturdirektoratet si kartlegging i musea i 2019 syner eit stort etterslep på vedlikehald på bygningane i musea. Det gjeld i Gudbrandsdalsmusea som i dei andre musea.

Utanforskap

Gudbrandsdalsmusea, Valdresmusea og Randsfjordsmuseet er museum i regionar råka av store strukturelle endringar. Dei som kjenner endringane mest på kroppen er ungdom i Lom, på Dokka, Fagernes og Hadeland der skuler blir lagt ned og linjefag forsvinn.

Utfordringane er allereie store i våre regionar med skulefråfall, høge mobbetal, utanforskap og låg ungdomsorganisering. På sikt vil slike utviklingstrekk få store konsekvensar med svekka demokratiutvikling og fråflytting. Skal vi bygge gode, mangfaldige og inkluderande samfunn må vi ruste organisasjonslivet i alle sektorar – og vi må styrke den kulturelle krafta – og motstandskrafta.

Våre museum har lenge arbeida for å bli gode med mangfald og inkludering. Ambisjonane har røter i musea sjølve, men også styresmaktene ber musea prioritere dette. Ei felles satsing i dei tre musea er derimot krevjande i lys av ei generell negativ økonomiutvikling i sektoren. Innfor eksisterande budsjett er det ikkje mogleg å få til ei reell satsing.

Styret

Det har vore 4 styremøte i 2024, og styret har handsama 35 saker.

Generalforsamling vart halde onsdag 24. april i Lom.

Styret har i 2024 vore:

- Cecilie Asp, styreleiar/møteleiar
- Trond Ole Haug, nestleiar
- Bjørn Lonbakken, styremedlem
- Mai Bakken, styremedlem
- Endre Skjåk, styremedlem
- Kristin Akslen Hagen, styremedlem
- Birgitte Bay, styremedlem

Tilsette

Gudbrandsdalsmusea har hatt 14 fast tilsette i 2024. Museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillingar. Stillingsstørrelse varierer likevel frå 20 til 100 %.

Gudbrandsdalsmusea har i underkant av 10 årsverk, delt på 14 fast tilsette og nokre engasjement. Oppgåvene er mange og varierte, og vi freistar til kvar tid å ta tak i dei oppgåver som vi meiner er mest fornuftige og gjev mest attende til lokalsamfunna i Gudbrandsdalen.

1. desember 2024 gjekk Øystein Rudi av som direktør for Gudbrandsdalsmusea. Etter fem år ved direktørkrakken overlèt han roret til Knut Aastad Bråten, avdelingsleiar på Lesja bygdemuseum.

Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar er leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald.

Fast tilsette

- Stein Grjotheim, 20 %, Innlandsarkivet, Skjåk
- Kristin Akslen Hagen, 100 %, Vågå bygdemuseum, Innlandsarkivet og Folkemusikkarkivet, Vågå
- Eirik Haugen, 80 %, Jutulheimen og registrering av gjenstandar, Vågå
- Knut Aastad Bråten, 80 %, Lesja bygdemuseum, frå 1. februar til 1. desember
- Knut Aastad Bråten, 100 % konstituert direktør frå 1. desember
- Inger Synnøve Killi, 20 %, Lesja bygdemuseum
- Håvard Syse, 100 %, bygningsvernradgjevar, Lesja
- Ola Tovmo, 50 %, Innlandsarkivet, Dombås
- Tom Willy Rustad, 100 %, Innlandsarkivet og Folkemusikkarkivet, Ringebru
- Ola Bismo Klashaugen, 60 %, Innlandsarkivet og Folkemusikkarkivet, Ringebru
- Nils Teigen, 20 %, Lom bygdemuseum
- Per Gunnar Hagelien, 100 %, Pilegrimssenteret, Gudbrandsdal Krigsminnesamling, Ringebru Stavkyrkjeutstilling, Tusenårsstad og Gardsbutikk
- Kirsten Visdal, 50 %, utstillingsansvarleg
- Øystein Rudi, 90 %, direktør fram til 1. desember

Prosjekt

- Sigurd Rønningen, kommunikasjon
- Nordveggen v/Solveig Brøste Sletta, Prosjektleiar «Villreinarven»

HMS

Gudbrandsdalsmusea er medlem i arbeidsgjevarorganisasjonen Virke og har hovudoverenskomst gjennom dei. Personalhandboka regulerer det daglege for personalet.

Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste/Frisk. Museet har verneombod. Arbeidsmiljø og vurdering av tiltak drøftast ved behov. Årlege personalsamtaler vert gjennomført med alle fast tilsette. Museet er medlem i KLP pensjon og har personalforsikringa der.

Dei tilsette samlast både til faste personalsamlingar, samt samlingar i ulike faggrupper etter behov.

Som eit ledd i arbeidet med nytt planverk, vil vi i 2025 revidere personalhandboka, etablere nye og oppdaterte skjema og avtalemalar, revidere avtalar med eigarane, og vi må skal gjennomføre ein ny RoS-analyse, fyrst og fremst for å sikre lovmessige og forskriftsmessige ramme om arbeidet i organisasjonen.



Gudbrandsdalsmusea arrangerer i 2025 munnharpekurs på Sør-Fron.
Foto: Tom Willy Rustad.

Sluttord

Eit museum er som samfunnet: det fungerer fyrst når alle kjenner seg inkludert og sett.

Kan vi klare det?

Forteljinga om Noreg er stor – og kompleks, og handlar ikkje berre om kjende og einerådande historier og sanningar. Musea skal vere eit nav for alle – ein heim der alle skal kjenne seg inkludert og sett, som løftar og utforskar gløynde og underkommuniserte forteljingar og tema.

Ikkje alle kjenner seg heller heime på musea og mange livshistorier har vore vanskelege å formidle. Derfor er musea utfordra i spørsmålet om kven ein set i sentrum for formidlinga og korleis ein kan nå fleire.

2024 har vore eit innhaldsrikt og godt år for museet. Sjølv om det er brukt fleire pengar enn budsjettet, er det gjort solide grep for å møte morgondagens museumsutfordringar

– både når det gjeld kommunikasjon, formidling og samarbeid.

Takk til alle tilsette for arbeidet de legg ned. De er limet i organisasjonen, dyktige fagfolk med stor integritet, og vilje til å drive det kulturhistoriske arbeidet framover. Takk også til styret for god støtte og oppfølging.

Eg held no og då innlegg om museum, ikkje minst i kommunestyra. Det som slår meg meir og meir, er dette eine: musea er til for folka og samfunnet. Derfor er formidling så viktig, anten vi er arkivarar eller arbeidar som avdelingsleiarar, vi driv med bygningsvern eller legg til rette for pilegrimar, ordnar med konsertar, lagar utstillingar, teller pengar eller sel bøker; vi er til for nokon, vi er til for menneska i lokalsamfunnet.

Folkekulturen ligg djupt forankra i oss. Han er sporet frå fortida og mogleheitene for

framtida. Folkekulturen er summen av uttrykksformer som lever og verkar, og som pustar i oss. Folkekulturen er aldri statisk, men vital og levande – og han endrar seg. Det er eit godt utgangspunkt for eit museum som skal forvalte og formidle kulturen for framtida.

Lesja, 14. april 2025

Knut Aastad Bråten
Direktør
Gudbrandsdalsmusea



Vedlegg Gudbrandsdalsmusea AS 2024, Rapport frå avdelingane



Gudbrandsdalsmusea AS
2024
Rapport frå avdelingane

Stavkyrkjeutstillinga i Lom

Denne har ikkje vore oppe i 2024

Norsk fjellsenter i Lom

Eigen rapport vil bli ettersendt.

Vågå bygdemuseum / Jutulheimen og Ullinsvin

Etter av utstillingane vart fløtt ned til Ullinsvin, har besøkstalet gått oppover. I sommarsesongen 2024 hadde vi utstillinga «LIN. Frå frø til tråd» i fjøset, der vi samarbeidde med mange kunsthandverkarar, elevar frå Hjerleid og andre kunstnarar på nasjonalt nivå. Her viste elevane fram arbeidet sitt innan lin og prosessen frå frø til ferdig tråd. Bjørg Schultz, som er leiar i Norges Linforeining, var deltakande både til utstillinga, formidling og som fagleg støtte.

Aurbua, som står midt i det vakre tunet i Ullinsvin, var også denne sommaren fylt med lokale godsaker, både mat og anna. Salet var betre enn 2023, mykje fordi fleire var klar over tilbodet. Aurbua er noko vi skal utvikle framover.

Konseptet musikk på tunet har etter mange år vorte ein fast møteplass for lokalbefolkninga. Mange legg matpausen til Ullinsvin kvar torsdag formiddag gjennom heile sommaren for å høyre lokale

musikarar. Mange av utøvarane ynskjer seg attende år etter år, noko som er særst triveleg.

Kvar andre onsdag i månaden blir det arrangert kveldsseto i Jutulheimen i samarbeid med Vågå historielag. Gjennom 2024 har vi vore innoom alt frå Francis M Wyndham si fantastiske reise i 1859, slektsforskning og landslova 750 til guida tur på Sagflaten og heimebrenning. Vågå historielag og Gudbrandsdalsmusea har innarbeidd eit godt konsept. Det startar med ein times foredrag, ope samtale og spørsmål, deretter kaffi og biteti. Dette er det fleire historielag i Gudbrandsdalen som no har blitt inspirert av og vil starte med.

Fleire store konsertar har det også vore i Jutulheimen 2024. Sigrid Moldestad hadde to fullsette konsertar, det hadde også Daniel Kvammen. Med fyr på peisen og triveleg stemning ligg alt til rette for å bruke Sundstugu til mange fine intimkonsertar framover.

I november var det også i år Jul i Ullinsvin. Julemarknad med mange utstillarar, grisslakting, barneaktivitetar, bakst i eldhuset med meir. Dette kan ein verkeleg seia er formidling av gamle tradisjonar. Dette er eit godt samarbeidsprosjekt av alle aktørane i Ullinsvin.

I november hadde vi også bakstkurs.

Lesja bygdemuseum

Det har skjedd mykje på museet sidan oppstarten i februar. Og det gjer det framleis. Dei fleste tiltaka og initiativa blir styrt og samordna frå museet, men skjer i tett og nært samarbeid med mange lag og frivillige.

Sommarprogrammet på Lesja bygdemuseum er høgdepunktet i formidlinga på museet, og kjem til gjennom tett og godt samarbeid med Veneforeininga, Lesja Bygdekvinnelag, Lesja Historielag og Husflidslaget i Lesja. Desse fortener ein stor takk for arbeidet dei legg ned – og omsorga dei viser for museet – ikkje berre gjennom sommaren, men gjennom heile året.

Husflid og bakst er berebjelken i formidlinga sommarstid. I tillegg arrangerer vi konsertar og føredrag kvar laurdag. Konsertane spenner vidt frå friske tonar etter spelemannen Carl Jularbo til felelåtar og country, langeleik og slåttestev. Laurdagsforedraga er også populære. Eitt av tema skilde seg ut: Døl og sex med sexolog Ingrid Blessom. 25 frammøtte er eit bevis på at dølane ikkje er redde for å snakke om all verdas tema. I 2023 la Sannings- og forsoningskommisjonen fram ein rapport om fornorskingspolitikken og uretten overfor samar og andre minoritetar. I kjølvatnet av rapporten er kulturlivet oppmoda om å løfte fram tema om det samiske. Vi er difor glade for at Trond Tynnøl frå Lesja kom til museet denne sommaren for å halde eit

foredrag om samisk språk. Foredraget var i samarbeid med Saemien Sijte på Snåsa.

Sommarprogrammet på Lesja rommar mange aktivitetar. Samstundes er det potensial for fleire nye og meningsfulle tiltak. I år gjennomførte vi vandreforedrag: Fuglesafari på Lesjaleira med Per Jordhøy, vandring på den tidlegare husmannsplassen Sjøheim med Torbjørn Torstad og kyrkjegardsvandring med Magnus Halle og Torunn Elisabeth Skotte Stavheim. Det vart også arrangert slåttedag med hesjing på gamlemåten, eit arrangement vi vil gjenta også i 2025. Bas for slåttedagen var Karl Øygarden.

Seterbesøk var eit anna tiltak i 2024 i samarbeid med to dyktige seterdrivarar: Jorid Belle-Thysell på Reindøl og Hans Gubhage i Finndalen. Tiltaket var godt, men besøket kunne vore betre. Vi ynskjer å jobbe meir med seterbrukarane, og vil tilby seteropplevingar også neste år, men i ei anna form. Arbeidet er under evaluering.

Det er arbeidd fram to nye utstillingar på Lesja bygdemuseum i sommar: I utstillinga Gardslykke blir vi nærmare kjende med kua som ressurs og menneskeven. Landbruket, og ikkje minst mjølkeproduksjonen, står framleis sterkt i Gudbrandsdalen. Difor er landbruket og kua viktige i formidlinga – både som fenomen og som kulturelt uttrykk. Ei uteutstilling med historiske bilete frå Lesja

er ei ny satsing dette året. Det er Lars Mosendsletten som har stått for produksjonen av stativa. Lesja bygdemuseum har gjennomført to seminar i år: 6. april arrangerte museet seminar om arkitektur og kva som skal til for ta vare på bygningsarven. Seminaret var saman med bygningsvernrådsgjevar Håvard Syse og Breidablikk Brukargruppe. 14. september arrangerte Lesja bygdemuseum og Norsk Seterkultur Nasjonalt lokkeseminar med ikring 40 deltakarar. Seminaret var ei blanding av kåseri, samtale og utprøving. Seminaret har motteke økonomisk støtte frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans, SpareBank 1 Lom og Skjåk og Norsk Seterkultur.

Landbruket er berebjelken i lokalsamfunnet på Lesja. Difor vil vi satse meir på landbruk i åra som kjem. Ei mjølkerampe er sett opp ved hovudinngangen. Rampene var kjente landemerke på bygdene før i tida, men er for det meste borte i dag. Det er Lars Mosendsletten som har laga rampa. Saman med Avdem Gardsgrønt og eit nystarta hagelag har vi revitalisert kjøkkenhagen på museet, og vi har etablert ein linåker. Bakgrunnen for hageprosjektet er å motivere andre til å ta i bruk jorda, dyrke, hauste – sjølv kor utfordrande veret er på Lesja. Neste år blir det kornåker, eit område for bær og slåttemark. Denne sommaren har vi hatt lam på området. Neste år blir det gris, sauer og dølakyr. Apropos dyr: i sommar vart det laga nytt, stort og flott hønehus på tunet. Huset har vore heim for fire høner. Bygget er oppført av Zbigniew Jurkowski.

6. og 7. juni var Lesja bygdemuseum vertsskap for Norges Museumsforbund, som var på rundtur i Nord-Gudbrandsdalen. I tillegg hadde dei eigne, interne møte på Tunstugu. Lesja bygdemuseum har sidan februar delteke på møte og tilstellingar med Nasjonalparkforvaltinga, Lesja kommune, Innlandet fylkeskommune og Riksantikvaren. Museet har delteke på Landsmøte i Norges Museumsforbund, i tillegg til mange møte med frivillige lag og foreiningar lokalt.

14. september var Vennelaget for Valdresmusea på gjensisitt på Lesja.

Museumsbutikken på Lesja bygdemuseum fekk eit løft i vår. Butikken har fått nye elegante bokhyller og andre hyller. Det er også investert i fleire soklar til glasmontrane, slik at dei no er komplette.

Lom bygdemuseum

Det har ikkje vore aktiv drift i Lom dette året, men nokre enkelttiltak er gjennomført..

10. juli var det Kveldsseto i Presthaugen i Lom med tema om Presthaugen og historia til museet.

3. august var det familiedag i Presthaugen med opning av utstillinga Bøte – reparasjon av tekstil før og no. Same dagen var det musikkforedrag for heile familien med Sylvelin Hege Sevilhaug og Karolina

Westling – og det var aktivitetar for store og små i tunet ved Lom Bygdekvinneleg, Lom husflidslag og Lom Sendeplatelag.

7. desember var det julemarknad i Presthaugen som tidlegare år.

Stavkyrkjeutstillinga i Ringebru

Gudbrandsdalsmusea si stavkyrkjeutstilling har 95 gjenstandar. 85 av dei er innlånt frå Lillehammer Museum Maihaugen, Kulturhistorisk museum og frå private. Utstillinga fortel om bruken av kyrkja gjennom tekst, bilete og gjenstandar.

Her er og ei avdeling som fortel meir om stavkyrkja i Ringebru og ei oversikt over alle stavkyrkjene i Noreg. Klimatilhøva ved avdelinga er gode. Det har ikkje vore tilvekst ved avdelinga og ingen nyregistrering.

Gudbrandsdalsmusea tok hausten 2023 initiativ til oppgradering av utstillinga saman med Ringebru Prestegard. Dette arbeidet held fram i 2024. I samheng med utviklingsplan vil ein sjå på sikringsplan og på tilhøva rundt brannsikring spesielt.

Krigsminnessamlinga på Kvam

Gudbrandsdalsmusea si avdeling Gudbrandsdal Krigsminnesamling er ei utstilling av gjenstandar og

bilete som formidlar krigen i Gudbrandsdalen og Kvam. I tillegg har samlinga ei eige utstilling som omhandlar det såkalla skottetoget i 1612.

I 2024 hadde samlinga mykje skuleformidling både frå grunnskulen og vidaregåande skule og det er gledeleg. Samlinga har hatt besøk frå alle elevar på 7 trinn frå skulane i mid-Gudbrandsdalen i tillegg til ungdomsskulen i Sør-Fron og Ringebru. Skuleformidling er eit viktig satsingsområde. 8. mai var Gudbrandsdalsmusea AS med i markeringa av frigjerings- og veterandagen.

Avdelinga var med-arrangør for arrangementa i Midt-Gudbrandsdalen på frigjeringsdagen 8. mai, og deltok på markeringane i Kvam og Sødorp.

Gruppebesøk frå inn- og utland med formidling av krigshistoria i dalen var det ein del av i 2024. Totalt besøkte 686 personar samlinga i 2024, ei auke på vel 20 %.

Gudbrandsdal krigsminnesamling på Kvam er ei samling der krigshandlingane i april dagane 1940 og okkupasjonsåra blir formidla gjennom gjenstandar og tekst. Samlinga inkluderer gjenstandar innlånt frå Forsvarsmuseet, Lillehammer Museum Maihaugen, og frå private. I alt er det 1001 gjenstandar i samlinga. I samlinga inngår og ei utstilling som formidlar hendingane i 1612 og det såkalla skottetoget

I samarbeid med stiftinga Gudbrandsdal krigsminnesamling forvaltar vi gjenstandar som er

gjevne som gåve frå privatpersonar og institusjonar/firma, innlånt frå FM, Lillehammer museum-Maihaugen, innlånt/deponert frå privatpersonar.

Gudbrandsdalsmusea har og gjort ei avtale med Skjåk kommune om ivaretaking av våpensamlinga etter Per Vottanes. Desse våpena er no registrert og plan er å få dei utstilt i løpet av 2025. I 2024 har samlinga hatt ei tilvekst på 10 gjenstandar, mesteparten av desse er registrert.

Det har ikkje vore noko større registreringsarbeid ved avdeling i 2024 og etterslepet er minimalt. Unntaket er samlinga etter Per Vottaanes, Skjåk, som er registrert. Dette er 30 våpen/ gjenstandar.

Det er no starta eit arbeid med å få digitalisert utstillinga slik at ein får modernisert utstillinga og gjera den meir tilgjengeleg. Gudbrandsdalsmusea har og søkt om midlar til ny lyssetting slik at ein får skifta ut eksisterande lyssetting til meir miljøvenlege lamper.

Samlinga har mange gjenstandar som er innlånt frå private, Forsvarsmuseet og Lillehammer Museum Maihaugen. Her av mange våpen. Det gjer at sikringstilhøve er viktige. Difor vil GM revidere sikringsplan for avdelinga i 2025. Sikringstilhøva ved avdelinga er jamt over gode. Klimaforholda er innafor verdiane som er sett for gjenstandane. Ein må sjå på forholda rundt papirarkiv.

Bergverkssenteret

Otta bergverkssenter er samlokalisert med Sel bibliotek avdeling Otta. Med plansjar, foto og ei rekke gjenstandar viser vi driftshistoria innan kleberstein, skiferuttak og Sel koparverk, eit av landets eldste bergverk. Lokaliseringa er gunstig, da besøkjande til biblioteket har lett tilgang til området med utstillinga.

I tillegg har Otta bergverkssenter eit gjenstandsmagasin i Sel rådhus, Otta. Magasinet er utstyrt med reolar og fotoutstyr og inneheld for det meste gjenstandar knytt til bergverk og industri. Magasinet er universelt utforma med tilgang via rampe og heis.

Det er ynskje om ei oppgradering av utstillinga. Arbeidet tek til i løpet av 2025.

Einbustugu på Dombås

Det har ikkje vore aktivitet i Einbustugu i 2024.

Gardsbutikken på Hundorp/ Tusenårsstaden

«Sjå mot aust, der kjem vår gud med mykje lys».

Avdelingane på Dale-Gudbrand formidlar historia om Tusenårsstaden Dale-Gudbrands gard og gjev informasjon om Olavstradisjon. Avdelingane er samlokalisert med Pilegrimssenter Dale-Gudbrand og samarbeider tett mot senteret når det gjeld informasjon og mottak av pilegrimar. Gardsbutikken har overnatting for pilegrimar.

Aktivitet

GM er sterkt involvert i Vikingdagar på Dale-Gudbrands gard. Vikingdagar er eit DKS opplegg og eit tilbod til alle 6 klasse i Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar. Vikingdagar gjennomførast kvart år i september. GM har vore med som ein medaktør sidan 2010.

I 2024 samla vikingdagane meir enn 250 born og vaksne frå Gudbrandsdalen.

Avdelingsleiar ved avdelinga har halde fleire foredrag og omvisingar for grupper både i eigen regi på oppdrag frå Dale-Gudbrands gard kurs og konferansesenter. I 2024 har blant anna Koni - Tumlare hatt bussgrupper på omvising i regi av Gudbrandsdalsmusea gjennom heile sommaren. Olsok 2024 var eit flott arrangement som samla fleire hundre menneske med b la foredrag,

folkemusikk-gudsteneste og vandring. Her var Gudbrandsdalsmusea ein av arrangørane.

Formidling

Skuleformidling er ein viktig arena for museet, og i 2024 var fleire trinn i grunnskulen i Sør-Fron inntil Tusenårsstaden for skuleformidling der tema var gardens historie og Olav den heilage

Avdelinga forvaltar formidlingarenaen Tusenårsstien og HIDDEN. Tusenårsstien er ein etablert rundløype med 9 informasjonsskilt som formidlar gardens over tusen år lange historie. Tusenårsstien er godt besøkt gjennom vår, sommar og haust. Hidden er ein digital formidling og app basert. Publikum kan gå virtuelt og få innblikk i vikingens kvardag sett gjennom ei ung vikingjente sine augo.

I 2024 starta Gudbrandsdalsmusea arbeidet med å revidere skjøtselsplan for kulturminna på staden, dette i samarbeid med Sør-Fron kommune og Innlandet FK.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand

«Velkommen som pilegrim på vandringsleden eller som vandrar på pilegrimsleden»

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand gir informasjon og rettleiing til vandraren på pilegrimsleden – Gudbrandsdalsleden og er samlokalisert med

Gudbrandsdalsmusea sine avdelinga på Dale-Gudbrands gard.

I tillegg har senteret ansvar for oppfølging av leden som infrastruktur, formidlingsarena og næringsveg frå og med Lillehammer til og med Sel kommune, totalt 175 km.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand leverer eige rapport. Denne er vedlagt.

Folkemusikkarkivet for Midt- og Sør-Gudbrandsdalen

Tom W. Rustad er arkivleiar for Folkemusikkarkivet og Midtdalsarkivet på Ringebu. Gudbrandsdals-musea og Ole Bull Akademiet på Voss har ein samarbeidsavtale der Rustad er fyrsteamanuensis og lærar for bachelor- og masterstudentane.

Formidling

26. januar 2024 var det verdspremiere på Spotify med albumet «The Norwegian Hardanger Lute». Hardangerluten er eit nykonstruert instrument, og er ein hybrid mellom lutt og hardingfele, og inspirasjonen kom frå ei «tagging» av eit luttmotiv på Nidarosdomen datert ca. 1230.

Det er eit samarbeidsprosjekt mellom instrument-makar Lars Tørressen, Hardingfeleverkstaden ved Ole Bull Akademiet og Gudbrandsdalsmusea. I mars vart

Gudbrandsdalsmusea invitert av NOU-utvalet ved Kulturdepartementet til å presentere situasjonen ved norske folkemusikkarkiv, og utfordringar i høve dokumentasjon av den immaterielle kulturarven.

Det vart også laga eit eige radioprogram i Folkemusikk-timen med tittelen «På reinlendarsafari» der tema var arkivmateriale og historia til gamaldansen. Folkemusikkarkivaren har også spelt for 200 skuleborn i høve «Vikingdagane» på Dale-Gudbrand, halde fleire foredrag om historia til folkemusikkstudia ved Norges Musikkhøgskole, og om lokking i høve «Lokkeseminar» på Lesja bygdemuseum. Det har vore mange konsertar i løpet av året, deriblant konsertforedrag på Riksscena i Oslo og for historielaget i Skjåk.

Innsamling, dokumentasjon og publisering

Folkemusikkgruppa Kvarts, som arkivaren er ein del av, vann i 2024 Folkelarmprisen med CD-en «Til dans» Dette er ei plate som dokumenterer og vidareformidlar den tradisjonelle runddansmusikken frå Gudbrandsdalen. I løpet av året har det vore dokumentert mange folkemusikkutøvarar. Dette materialet finst berre digitalt, lagt ned eit stort arbeid i å utarbeide, registrere og sikre slike digitale arkiv for framtida. Dei er no tilgjengeleg på Arkivportalen.no. Arkivet har også vore medverkande i Sør-Fron spelmannslag si jubileumsmarkering av spelemannen Anton Amundgard.

Forskning, vitenskapelig arbeid og publikasjoner

Gudbrandsdalsmusea har publisert ei fagfelleurdert vitenskapelig artikkel i tidsskriftet «Musikk og Tradisjon». Det er Norsk Folkemusikklag som står bak utgjevinga der folkemusikkarkivar Tom W. Rustad har skrivne om «Den norske cisteren».

Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen

Kvar tysdag kan du besøkje arkivet i Ullinsvin. Med store samlingar av lydfiler, noter og bøker kan du her dykke ned i den lokale folkemusikken frå Nord-Gudbrandsdalen. Samlingane blir stadig større, da fleir og fleir leverer arkivmateriale hit.

Formidling frå folkemusikkarkiva

Gjennom arkivbesøk, musikk på tunet, konsertar, kveldsseto, SoMe og anna formidlar vi folkemusikken gjennom heile året. Vi driv også innsamling og dokumentering som seinare vil bli publisert. Vi var også med å arrangerte kurs i dans og musikk. Opptaka frå Vågå-/Ottadalsradioen har delvis kome attende, og her er det mange godbitar.

Gjennom fleire friviljuge som står på dag etter dag får vi digitalisert og registrert større del av samlingane våre, dette gjer det lettare å formidle det ut til publikum.

Samlingsforvaltning

Vi har ein god del gjenstandar relatert til folkemusikken. Her bl.a. heile instrumentsamlinga etter Leif Løchen, felemakarverkstaden etter Ola Eide, kulturprisar, trøorgel. Noko står i utstilling i Jutulheimen, og noko er godt bevart i magasinet i Ullinsvin.

Innlandsarkivet

Ringebu

Arkivet ligg i Innovasjonssenteret i Ringebu over biblioteket, og er ope for publikum kvar onsdag eller etter avtale. Tom W. Rustad er arkivleiar og Ola B. Klashaugen er arkivassistent og registrator.

Ola B. Klashaugen har gjennom året lagt ned eit betydeleg arbeid i å digitalisere arkivet etter fotograf Kolås frå Vinstra, som omfattar over 10.000 bileter. Mykje av dette ligg no ute på Digitalt Museum. Det har gjennom året vore eit berikande samarbeid med både Ringebu og Fron Historielag. Dette har resultert i samarbeid og utveksling av dokumentasjonsmateriale knytta til dømes seterprosjektet i Sør-Fron, og 30-årsjubileet til Ringebu i høve OL i Kvitfjell. Det har også vore samarbeid med lokale aktører, for å få dokumentert NM i hopp normalbakke på Krekke i 1974. Filmopptaka er no tilgjengeleg i arkivet.

Det er gledeleg at det stadig kjem inn nye «arkivskattar». Vi har blant anna fått inn fotoalbum og spolebandsopptak frå eit bryllup i 1966. Det er fyrste gong, så vidt ein kjenner til, at ei hending er så godt dokumentert i lyd og bilete. I samarbeid med Ringebu Historielag er det gjort dokumentasjonsopptak av blant anna Ove Løkken (101 år) og Åse S. Haugen frå Venabygd. Alt dette er registrert og tilgjengeleggjort i Arkivportalen.

Dombås

Arkivar Ola Tovmo har publisert fleire hundre bilete på Digitalt Museum.

Det er òg arbeidd fram ei mindre utstilling om Raumabana, som står utstilt på stasjonen på Dombås.

I tillegg er det digitalisert og publisert nokre gamle protokollar med stor, lokal interesse

Elles går det mykje tid til å ordne, registrere og publisere arkiv.

Vågå

Arkivet i Vågå har fått ein stor oppsving når det gjeld innsamling av spesielt foto. Dette året er det skanna over 20.000 foto, dei fleste frå innlånte fotoalbum. Det er vore over 1000 friviljugtimar delt på 4 faste hjelparar. Dette er viktig arbeid, og noko som ikkje hadde vore mogleg utan dyktige og sjølvgåande friviljug-gjeng.

I år er det også utlagt ca. 5000 foto på Digitalt museum, noko som er heilt suverent. Fleire og fleire vil få bileta sine skanna og fleire vil vera med i det trivelege miljøet vi har i kjellaren i Ullinsvin. Her er det liv heile veka gjennom.

Gjennom heile veka kjem det både friviljuge og besøkjande innoom arkivet. Kvar veke kjem det inn nye arkiv i form av både foto og papir. Arkivet er også meir og meir kjent utover Vågås grenser, det kjem inn mykje også frå Lom og Sel. Bl.a. har vi overteke heile fotosamlinga til Lom knipsarlag.

I 2023 har vi arrangert slektsforskarkurs over 5 kveldar, noko som var populært. Vi har godt samarbeid med Vågå historielag om skanning av foto, boksamling og anna.

Arkiva blir lagt ut på Arkivportalen, der det er søkbart for alle.

Skjåk

Innsamling og forvaltning

Arbeidet i 2024 har i stor grad gått på det som stod i årsplanen for arkivavdelinga: Ajourføring av avtaler, finordning av arkiv, og innsamling og registrering av biletmateriale.

Tre nye arkiv og 893 nye bilete er registrerte siste året. Det har vore gjort eit viktig arbeid med å tilføre samlinga ny informasjon. Biletsamlinga er totalt på ca 34700 foto. Dette talet er i samsvar med måten arkivstatistikken blir gjort på. Totalt ligg det ute 12764 foto på Digitalt museum. I 2024 vart det lagt ut 2448 bilete. Dette arbeidet fører til stadig større etterspørsel etter bilete frå institusjonar og private. Eit vesentleg moment for oss er dei korrigeringsane og tilleggsinformasjonen som kjem inn frå dei som ser på bilete på nettet, eller ved besøk på arkivet, gjerne etter at vi tek kontakt med informantar som vi veit har god kjennskap til arkiv vi har fått inn. Det gjeld både papirarkiv og foto.

Dei klimatiske tilhøva i arkivet er relativt stabile og akseptable i høve til det materialet vi har. Samarbeidet med kommunen når det gjeld reinhald og sikring er i orden. Det er jamn sjekking av målingane når det gjeld klimatiske tilhøve og skifting av feller.

Ei spesiell utfordring og når det gjeld foto bør nemnast. Ei fotosamling på 1612 bilete etter Simen

Olstad inneheld svært mange bilete som ikkje er duplikat, men som er svært like – ofte same motiv frå ulike vinklar utan at det gjev noko meir informasjon. I tillegg er det ein del bilete som kvalitetsmessig er av mindre interesse. Vi har difor vald å utelate slike for utlegging på Digitalt museum, men av respekt for fotografen er alle bileta lagt inn i Primus. Spesielt interesserte vil sjølvstgåande få tilgang til alle bileta.

Formidling

Samarbeidet med i Skjåk kommune, Skjåkheimen, Skjåk folkebibliotek og lag og organisasjonar heldt fram utan store endringar. Dette gjeld både ved arrangement og hjelp med registreringsarbeid, innsamling av materiale, og ved bruk av sams utsyr og lokalar. Skjåkkalenderen og Kveldsseto, som kjem ut kvart år, er og ein god formidlar av bilete og arkivmateriale. Fotomaterialet vart mykje nytta i arbeidet med foto til den nye boka om Lom og Skjåk ysteri som vart ferdig i 2024.

Arrangement / Prosjekt

Ei lita avdeling som Skjåk er heilt avhengig av samarbeid med andre lag og organisasjonar for å kunne få gjennomført arrangement, utstillingar og innsamlingar.

Vi nemner her at dette året var det besøk i skulesamlinga i Øygard skule av to lærarar og 11 elevar frå femte klasse frå Skjåk barne- og ungdomsskule. Det vart eit fint arrangement med

interesserte og ivrige elevar som gjerne ville vite korleis det var å gå på skulen på 1950-talet.

I samarbeid med Skjåk Historielag har arkivet hatt ei målretta innsamling og utval av bilete med tanke på ei fotoutstilling i Skjåk om utvandring. Denne er tenkt både på Skjåk folkebibliotek i mars 2025 og i samband med Diktardaga 2025 der tema er: Vandring og forandring.

Arkivet inneheld mykje stoff om setring i Skjåk. Mange nye bilete har dukka opp på førespurnad om foto som kan dokumentere seterreisa, livet på setra og naturpåverknad medan setrene var i drift. Materialet gjev eit godt tilskot til den historia.

Samlingsforvaltning. Gjenstandssamlingane i Vågå

- Alle gjenstandar som kjem inn, blir fortløpande registrerte
- Klimakontroll kvar månad
- Smådyrfellene blir ofte gjennomgått og skifta.
- Gjenstandar frå både Jutulheimen, Fjellsenteret og Presthaugen er plassert i magasinet i Ullinsvin.

Bygningsrådgjevar

Det har vore ei god blanding av arbeid med private eigarar, deltaking på seminar, eigenutvikling og utøvande arbeid.

Utfordringar med finansiering av vedlikehald og restaurering på bygningar i kommunalt og musealt eige. Dagens tilskotsordningar er innretta mot eit privat-offentleg samarbeid. Vi og heile museumsfellesskapet må tenkje nytt om vi skal greie å halde tritt med behovet.

Etter eit initiativ frå brukarar på Breidablikk (Dombås), fekk vi sett ny fokus på bygning, arkitektur og tettstadutvikling i Dombås siste 100 år med eit seminar i april.

Etterutdanning i Tradisjonelt bygghandverk ved NTNU vart avslutta med bacheloroppgåve og presentasjon i Trondheim i juni. Praktisk del av oppgåva med øving i teknikk og bruk av verktøy som vi med sikkerheit kan spore tilbake til år 1250.

Andre tiltak:

- Nevertekking på eit fjøs i Skjåk, nokre dagar med arbeidsfellesskap med utøvande handverkarar og privat eigar.
- Ein dag med koking av komposisjonsmåling på Hinden leir overtydde brukar om denne målinga sine eigenskapar, god dekkemne, god å arbeide med, pustande og ingen helseskadelege tilsetningar.
- Dugnadsarbeid på Sagflaten, det mest kritiske er gjort. Arbeid mot etterbruk og formidlingsaktivitetar og samarbeid med nye aktørar.

Totalt sett litt færre oppdrag, men seriøse førespurnadar med ønske om vidare planlegging og konkrete tiltak. Bygningsvernrådsgjevarordninga har vore meir aktiv med førebuing til fleire seminar, og planlegging med kurs og andre formidlingstiltak, til dømes ein større utstilling om bygningsvern på Sagflaten, som opnar hausten 2025.